

**Jusprofessor Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen er også i år leiar av det historiske seminaret ved Baroniet og laurdag inbyr han til eit interessant tema som gjeld opptakten til grunnlovsforsamlinga på Eidsvoll for 200 år sidan. Sjølv vil han snakka om korleis det som skjedde i 1814 var eit produkt av dei nye førestillingane om fortid og framtid og korleis desse gjer det interessant å markera jubileet. Øyrehagen Sunde er framleis forskar ved Baroniet og seminaret er nummer 11 i rekkja.**

Kva politiske hendingar, idear og personar gjorde Grunnlova vår mogeleg? Det skal seminaret gje svar på gjennom innlegg av unge forskarar. Men den som opnar det heile er Noreg sin nye ambassadør i Danmark Ingvard Havnen frå Rosendal.

Mona Ringvej skal ta for seg føresetnadane for det folkestyret som vart vedteke på Eidsvoll og Lars August Kvestad har som tema borgerrettar den gongen. Eirik Holmøyvik kjem inn på korleis ideen om likskap prega Grunnlova og norsk identitet og Rasmus Glenthøj kjem inn på korleis hendingane i 1814 vart viktige for danskane og deira forståing av både dei sjølve og deira styresett.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen